



FINNÅS KRAFTLAG

*Referat frå
Årsmøte
i Finnås Kraftlag SA*

Onsdag 11. mai 2022
Langevåg Bygdatun, Langevåg

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønska medlemmane og pressa velkommen til årsmøte.

Etter § 7.6 i vedtektene, er det styret som skal peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes vart peika ut til å leia møtet.

I tråd med sedvane er styresekretær Bente Steinsland referent. Årsmøtet hadde ingen merknader til dette.

Møtet har med lovleg frist vore kunngjort i Bømlo Nytt 4. mai, på Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmer har motteke skriftleg innkalling. Det er sendt ut SMS-påminning til alle medlemmer. Sakspapira har vore tilgjengelege på Kraftlaget sitt kontor og på heimesidene frå 4. mai 2021.

Det møtte 96 medlemmer med til saman 115 røyster.

Styreleiaren heldt ein innleiingstale der han orienterte om dei høge straumprisane og at Kraftlaget ikkje tener meir på kraftomsetning når prisane er høge. Tvert i mot vart resultatet på kraftomsetning lågare i 2021 enn året før då prisane var rekordlåge. Finnås Kraftlag sel per i dag ikkje fastpris-avtaler då det er for stor risiko knytt til dette slik situasjonen i kraftmarknaden er no.

Utbytte frå Haugaland Kraft er rekordhøgt grunna eigarskap i kraftproduksjon. Dette utbytte vil koma medlemmane i Finnås Kraftlag til gode. Fylkesnes fortalde at styret har fokus på å halda nettleiga nede og viser til at det vert gitt rabatt på nettleiga. Dei ekstremt høge kraftprisane drar opp kostnader for nettselskapet i form av høgare nettapskostnadar, som igjen vil bidra til høgare nettleige. Styreleiaren peika likevel på at det er sluttsummen som betyr noko. Er du medlem i Finnås Kraftlag betalar du samla sett mindre for tenestene enn hos nabokommunane våre. Ny nettleigemodell vert innført frå 01.07.2022. Kraftlaget held på å utvikle ein Kunde-App som ein håpar og trur vil bli godt mottatt av kundane. Medlemmane vil snart få meir informasjon om dette.

Styreleiaren delte også bekymring for kapasiteten i straumnettet i regionen vår og i nettet inn til Bømlo. Dette er ei problemstilling som styret vil via merksemd i tida som kjem. Her må ein sjå om Finnås Kraftlag SA kan vera del av ei løysing for å sikra kapasitet og dermed gode rammevilkår for etablering av næringsaktivitet i kommunen vår.

Styreleiaren var glad for at styret i år tilrår utdeling av rekordhøgt kjøpsutbytte i tillegg til at ein også seier frå seg tillate inntekt for nettselskapet. Etter innleiingstalen gjekk ein over på den formelle delen av årsmøtet.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjende, og styreleiar erklærte møte for lovleg sett



Sak 2 Godkjenning av møtebok for årsmøte 15. juni 2021

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira sidan 4.mai.

Det var ingen merknader og møteboka for 15. juni 2021 vart godkjend.

Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar

Til å skriva under på møteboka vart Jan Willy Folgerø-Holm og Gerd Nancy Notland valde. Lars Gunnar Ersland og Nils Gunnar Gloppen vart valde til å vera valobservatørar.

Sak 4 Godkjenna årsmelding for 2021

Årsmeldinga vart presentert av styreleiar Torleiv Fylkesnes.

Årsmøte gjekk inn for tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2021 vert godkjend som årsmelding for Finnås Kraftlag.

Sak 5 Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2021

Administrerande direktør, Tor Bjarne Smedsrud presenterte rekneskap og balanse.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 6 Gjera vedtak om disponering av overskot

Kraftlaget har, jamfør samvirkelova og vedtektene, høve til å dela ut gåver til allmennyttige føremål.

Premissar for tildeling av allmennyttige gåver var tilgjengeleg som del av sakspapira.

Styreleiaren presenterte styret sitt framlegg til disponering av overskot:

T.F.

Disponering av årsresultat	35 968 358
Gåver til allmenntyttige føremål	3 095 505
Avsett til annen egenkapital	20 372 853
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	12 500 000
SUM disponeringar	35 968 358

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2021.

Styret foreslår at følgjande allmenntyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styret	1 200 000
Rubbestadnes idrettslag - padelbane	100 520
Bømlo Turlag/Bergen&Hordland Turlag - Kysthytte	1 400 000
Bremnes skyttarlag - miniatyrskytebane	394 985
Sum allmenntyttige gåver	3 095 505

For alle gåvetildelingar gjeld følgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram.

Det var ingen merknader til styret sitt framlegg, og årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak.

Leiar i Bømlo Turlag, Nils Magne Helle, takka hjarteleg for gåva til kysthytte som vil koma heile Bømlo-samfunnet til gode.

Sak 7 Fastsetja godtgjersle til styre og valnemnd

Av rekneskapen for 2021 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 517.792

Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2021.

Sak 8 Fastsetja godtgjersle til revisor



Av rekneskapen for 2021 går det fram at det er betalt kr. 110.000 for revisjon. I tillegg er det utbetalt kr. 70.000 for tilleggstenester av rekneskapsmessig eller juridisk art.
(Tall for konsernet totalt hhv kr. 398.750 og kr. 148.750)

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskapen for 2021.

Sak 9 Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Deloitte vart vald til framleis å vera revisor.

Sak 10 Velja styre og styreformann

Valnemnda har i denne perioden bestått av fylgjande personar:

Hilde Markhus (leiar), Job Nedrebø, Selma Karin Vestvik, Jannicke Gjerdevik og Oddgeir Alvsvåg.

Desse var på val:	Periode:	Verv :	Innstilling frå Valnemnda :
Vermund Hjelland	2 år	Styremedlem	Attval
Eli Furnes	2 år	Styremedlem	Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Signe Lund Jansen	2 år	Styremedlem	Attval
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm	1 år	1.vamedlem	Geir Ivar Ådnanes
Geir Ivar Ådnanes	1 år	2.vamedlem	Stina Raknes Kvarven
Stina Raknes Kvarven	1 år	3.vamedlem	Nina Ingvaldsen
Torleiv Fylkesnes	1 år	Styreleiar	Attval

Leiar i valnemnda, Hilde Markhus presenterte valnemnda sitt forslag. Deretter vart valet leia av møteleiaren.

Det kom ingen framlegg til motkandidatar og styret vart såleis vald i tråd med innstillinga frå valnemnda

Nytt styre for 2022/2023 vert:

Torleiv Fylkesnes Styreleiar
Anne-Beth Njærheim
Signe Lund Jansen
Vermund Hjelland
Ove Grønås
Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Johnny Rolfsnes (tilsetterepr.)

Observatør frå Bømlo kommune:

Sammy Olsen (vara: Ragnfrid Sønstabø)

Observatør for tilsette:

Thomas Vespestad (1.vara: Rune Nesse, 2.vara: Tove Lise A. Aasheim)

Varamedlemmer:

1. Geir Ivar Ådnanes
2. Stina Raknes Kvarven
3. Nina Ingvaldsen

Sak 11 Velja valnemnd etter forslag frå styret

Fylgjande personar har vore medlem av valnemnda i 2020/21:

Valnemnda	Status	Innstilling frå styret
Selma Karin Vestvik	På val	Attval
Job Nedrebø	På val	Idar Larsen
Hilde Markhus	På val	Torhild Ingeborg Taraldsøy
Oddgeir Alvsvåg	Ikkje på val	
Jannicke Gjerdevik	Ikkje på val	
Leiar:		
Hilde Markhus	På val	Oddgeir Alvsvåg

Hilde Markhus og Job Nedrebø ønska ikkje attval. Det kom ingen framlegg om motkandidatar, og årsmøtet gjekk såleis inn for styret sitt framlegg:

Selma Karin Vestvik vart attvald som medlem for 2 år. Idar Larsen og Torhild Ingeborg Taraldsøy vart valde inn som nye medlemmer i valnemnda for 2 år. Oddgeir Alvsvåg vart vald som leiar av valnemnda for 1 år.

Sak 12 Vedtektsendringar

Som ein konsekvens av omorganisering til konsern er det nødvendig å tilpasse vedtektene for å sikre årsmøtet sin kontroll over dotterselskapa. Styret foreslår samtidig nokre korrigeringar av vedtektene. Framlegg til endringar og grunngjeving er lista opp nedanfor.

Dei fleste endringane er rekna som mindre vedtektsendringar med unntak av endringa i §12 som er rekna som vesentleg då ein tolkar at dette må følgje same prosedyre som det den aktuelle paragrafen regulerer.

Ein vel å handtere desse endringane samla og i samsvar med kriteria for vesentlege vedtektsendringar . Det krevst såleis 4/5 fleirtal på to etterfølgjande ordinære årsmøte før dei er endeleg vedtatt. Dette er andre gang saka er opp til handsaming av årsmøtet. I 2021 vart forslaget einstemmig vedtatt.

- **1. endring: Ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa**

Bakgrunn for endringsforslag

Stortinget vedtok 18.03.2016 endringar i energilova og innførte krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje. For å tilpasse seg lovkrava gjennomførte Finnås Kraftlag ei omorganisering til konsern gjeldande frå 01.01.2020.

Årsmøte 2019 handsama denne saka. I saksframlegget stod det at omorganiseringa skal gjennomførast slik at ho får så få verknader og endringar som mogleg for medlemmene i Finnås Kraftlag, og ivareta eigarskap til eksisterande verksemdsområde.

For å ivareta eigarane sin kontroll over dotterselskapa foreslår ein desse vedtektsendringane:

1) Nytt kulepunkt under § 2 Føremål:

eiga aksjane i dotterselskapa Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS

2) Nye avsnitt under § 12.1 Vedtektsendringar

- 1. Føretaket kan ikkje selja aksjar i Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS utan å ha innhenta godkjenning frå årsmøtet og vedtak om endring av vedtektenes § 2.*
- 2. Føretaket skal berre stemme for forslag om vedtektsendringar i dotterselskap, andre avgjersler som krev kvalifisert fleirtal på generalforsamling i vedkommande dotterselskap eller sal av vesentlege aktiva i eit eller fleire dotterselskap, dersom forslaget først er vedteke på årsmøte i Føretaket med det same fleirtal som ville vore nødvendig for å vedta tilsvarende forslag i Føretaket. Dersom slik godkjenning ikkje finnast skal Føretaket stemme mot slike forslag på generalforsamlingar i dotterselskap.*

- **2. endring: Klargjering/presisering av § 4.2 Medlem kan vera**
Ordlyd i dag:
Personar som er folkeregisterførte i Finnås Kraftlag sitt konsesjonsområde og alle organisasjonar/verksemder som kjøper varer eller tenester frå laget.

For å tydeleggjera at omsettingsplikta gjeld alle medlemmer og at organisasjonar må ha aktivitet i konsesjonsområdet, foreslår me formuleringa nedanfor:

4.2 Medlem kan vera:

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*
- *Organisasjonar/verksemder som har aktivitet i konsesjonsområdet, og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.*

- **3. endring: Eintydig omtale/referanse av «føretaket»**

I gjeldande vedtekter er føretaket referert til med mange ulike ordlydar: selskapet, Finnås Kraftlag, kraftlaget, laget osv. Ordlyden er nå konsekvent endra til «**Føretaket**».

- **4. endring: Tilpasse ordlyd til ny konsernstruktur**

«føretaket, *eller av eit selskap som føretaket eig åleine*»

§ 4.2 Medlem kan vera

- *Personar som er folkeregisterførte i Føretaket sitt konsesjonsområde og som kjøper varer eller tenester anten frå Føretaket **eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.***
- *Organisasjonar/verksemder som kjøper varer eller tenester knytt til aktivitet i Føretaket sitt konsesjonsområde, anten frå Føretaket **eller av eit selskap som Føretaket eig åleine.***

§ 8.1 samansetnad og val av styre

*Årsmøtet vel seks styremedlemer og tre varamedlemer i rekkje. Ein styremedlem med personleg varamedlem skal veljast av og mellom dei tilsette i Føretaket **og selskap som føretaket eig åleine.***

§ 11.1 Etterbetaling

*Etter vedtak på årsmøte kan det gjevast etterbetaling (kjøpsutbytte) til medlemene i Føretaket på grunnlaget av kjøp av tenester frå Føretaket **og/eller frå selskap laget eig åleine.***

- **5. endring: fjerne sist avsnitt i § 7.6**

~~Ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster.~~

Styret foreslår å fjerne denne setninga då den kan vera uklar og skapa tvil om talet på lovlege røyster. Døme: Representant frå ei bedrift kan i tillegg til å røyste på vegne av firma, også røyste som privatperson og ha ei fullmakt. Dermed vil denne personen i dette eksempelet ha meir en to røyster. Dette vil vera i tråd med vedtektene, men formuleringa «ingen kan på årsmøtet ha meir enn to røyster» kan skapa tvil om tolking.

Ved å fjerne denne setninga, endrar me ikkje på innhaldet, då § 7.6, 4. avsnitt allereie regulerer forholdet:

Alle medlemene har rett til å møta på årsmøtet, og kvar medlem har ei røyst. Ein medlem kan vera representert ved fullmektig etter eige val, men ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem. Dersom fullmektigen sjølv er medlem, kan vedkomande røysta for både seg sjølv og fullmaktsgevaren.

- **6. endring: Vedtektsendring § 12.2**

Styret foreslår at siste kulepunkt § 12.2 fjernast, då omsetnadsplikt allereie er eit krav og dermed ikkje samsvarar med § 4.2:

- ~~Innføring av omsetnadsplikt med føretaket eller vesentleg skjerping av slik plikt~~

~~Endring av ordlyd i § 12.2 krev 4/5 fleirtal på 2 etterfølgjande ordinære årsmøte.~~

Viser ellers til uttale frå advokat Disch, Deloitte Advokatfirma AS:
«dette er ikke vesentlige endringer, men kun korrigeringer for å tilpasse disse til ny konsernsituasjon og ellers bare presiseringer. Ingen nye reguleringer. Dette med unntak for endringene i §12 som antas å måtte undergis samme prosedyre som den regulerer.»

Årsmøtet hadde ingen merknader og gjekk einstemmig inn for styret si tilråding til vedtak:

Årsmøte godkjenner framlegg til ny ordlyd i vedtektene.

Etter at den formelle delen av årsmøtet var avslutta inviterte styreleiar Torleiv Fylkesnes årsmøte til å komma med innspel og tilbakemeldingar til styret. Ståle Vorland tok opp spørsmål om kapasitet i straumnett. Einar Særstein hadde spørsmål knytt til nettleige og reglar for tilknytning i nettet. Ordførar

Sammy Olsen takka for eit godt årsmøte og oppmoda styret om å jobba for å sikra nok overføringskapasitet inn til regionen vår.


Styreleiar Torleiv Fylkesnes avslutta årsmøtet med å takka av avtroppande styremedlem Eli Furnes for godt utført arbeid i styret gjennom mange år. Hilde Markhus avtroppande leiar for valnemnda vart også takka av.


Styreleiaren trekte også fram dei tilsette i kraftlaget og takka dei for godt utført arbeid i året som har gått.


Til slutt takka han årsmøte for frammøte og gode innspel.

Bremnes 12.05.2022

Bente Steinsland, ref.


Torleiv Fylkesnes, møteleiar


Gerd Nancy Notland


Jan Willy Folgerø-Holm